



Frå:	Til:
Personalseksjonen	SAMU-s
Dato:	Ref:
7.6.2019	Martin Hauge

## Revisjon av HMS-mål for sentraladministrasjonen

Eksisterande mål	Merknad	Evt. nye målformuleringar
1. Sjukefråveret skal vere under 5,2 prosent kvart år ( <a href="#">måldokument for sentraladm</a> ).	Ok, sjukefråver er viktig å halde under kontroll	Uendra målformulering
2. Fylkeskommunens arbeidsgivarpolitikk skal leggas til grunn for gjennomføring av medarbeidar- og utviklingssamtalar ( <a href="#">retteleiing</a> ).	Her kan språket gjerast enklare	Alle tilsette i sentral-administrasjonen skal ha minst ein medarbeidar- og utviklingssamtale kvart år. (jf. rettleiar)
3. Gjennom <a href="#">vernerunde</a> og <a href="#">risikouvurderingar</a> skal vi sikre eit helsefremmande og meningsfullt arbeidsmiljø for alle.	Også her kan ein bruke eit meir aktivt språk	Det skal gjennomførast årlege vernerundar på alle avdelingar. Desse skal ev. følgjast opp med samordna risikouvurderingar og avviksmeldingar
4. Avdelingane gjennomfører kontroll av brannutstyr og brannøvingar i tråd med årshjul. Vi skal sikre at tilsette har god kjennskap til retningslinene knytt til brann. (lenke til <a href="#">brannokumentasjon</a> )	Vi må få fram at vi skal lære av brannøvingar og uønska hendingar knytt til brannfare. Dette skal følgjast opp i RiskManager.	Alle tilsette skal ha god kjennskap til retningslinene knytt til brann. Alle avvik og uønska hendingar knytt til brann skal registrerast i RiskManager.
5. Avdelingane i sentral-administrasjonen skal tilpasse sine interne rutinar slik at krava til miljøfyrtårnverksemd er oppfylt (lenke til <a href="#">miljøfyrtårn-krav</a> ).	Enklare språk	Avdelingane skal drive kjeldesortering og oppmuntre alle tilsette til god miljøåtferd innan til dømes transport